

# Eksamen

23. november 2016

LBR3005

Økonomi og driftsleiing / Økonomi og driftsledelse

**Programområde:** Landbruk

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
<b>Bruk av kjelder</b>	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal oppgje forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Viss du brukar utskrift eller sitat frå Internett, skal du oppgje nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Vedlegg</b>	Ingen vedlegg
<b>Informasjon om vurderinga</b>	<p>Når du løyser oppgåvene må du beskrive dei vala du tar og grunngje dei. Du viser kompetansen din i faget ut frå kompetansemåla i læreplanen ved å:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Presentere og bruke fagstoff, og grunngje synspunkta dine og forslaga dine til løysing på oppgåva</li><li>• Trekkje inn ulike synspunkt og løysingar som er relevante for problemstillingane i oppgåva</li><li>• Gjere greie for resultatet/konsekvensane av dei faglege vala dine</li><li>• Meistre relevante grunnleggjande ferdigheiter</li><li>• Bruke eksempel der dette er relevant</li><li>• Bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på ein formålstenleg og påliteleg måte</li></ul>
<b>Andre opplysningar</b>	Oppgåvesettet inneheld <u>tre</u> oppgåver. Du skal svare på alle tre.

## Føresetnader:

Du eig og driv eit gardsbruk som heiter Reina.

Reina har 250 dekar fulldyrka jord. Det er for det meste sandjord med høgt innhald av mold, det er noko stein.

Våningshuset er i god stand. Det står eit ganske nytt reiskapshus på 250 kvadratmeter på garden.

Du driv mjølke- og kjøttproduksjon i eit gammalt båsfjøs med plansilo. Det er plass til 25 mjølkekyr med fullt påsett av kviger. Du har plass nok til påsett av alle oksar. Mjølkekvota er 200 tonn.

Du har no kr 2.500.000 i langsiktig gjeld.

Du har ein 2014-modell traktor med 135 hestekrefter, og ein gammal traktor på 50 hestekrefter. Nødvendig maskinpark er elles i god stand bortsett frå hausteutstyret for silolegging, som er gammalt og i dårleg stand.

Andre opplysningar du treng, og kor denne garden ligg i Noreg, må du i oppgåvene føresette sjølv.

## Oppgåve 1 Omsetnad av landbruksprodukt

Du skal lage foredrag til eit faglagsmøte om samvirke og marknadsregulering i landbruket. Du bestemmer sjølv kor i landet garden din ligg.

- a) Beskriv ulike grupper (typar) av samvirkeorganisasjonar i norsk landbruk. Nemn i tillegg eksempel på nokre ulike organisasjonar frå kvar gruppe og kva dei gjer.
- b) I området der du har garden er det mogleg å levere kjøtt og mjølk til private meieri og slakteri, og i tillegg til samvirkeorganisasjonar. Diskuter fordelar og ulemper for deg som bonde ved medlemskap i og leveranse til samvirkeorganisasjonane, i forhold til leveranse til andre typar meieri og slakteri.

## Oppgåve 2 Mekaniseringskostnader

Du skal kjøpe deg nytt hausteutstyr for grovfôret.

- a) Vel kva for ein type hausteutstyr du vil skaffe deg og grunngje kort dette valet. Anslå i tillegg anskaffingspris for dette utstyret.
- b) Du kjøper utstyret frå oppgåve a). Rekn ut årlege kostnader ut frå anskaffingskostnad, vedlikehaldskostnader, rente, varigheit på utstyret og restverdi. (Årlege driftskostnader haldast utanom her)

### Oppgave 3 Dekningsbidrag og driftsplan

Du planlegg å bygge ny driftsbygning på garden.

- a) Set opp eit dekningsbidrag for mjølkeproduksjonen på garden ved hjelp av gitte føresetnader - og val av egne føresetnader der du finn det nødvendig. Val av egne føresetnader skal grunnjevast så langt som mogleg.

Desse opplysningane er gitt:

- Kjøttprisen er kr 43,- pr kg i snitt.
- Mjølkepris kan setjast til kr 5,10
- Livkalvverdi er kr 3000 pr stk.
- Ytinga er 7800 liter pr årsku
- Fôrbehovet inkludert rekruttering er på denne garden 6800 FEm  
Vel mellom følgande typar fôr:

Type fôr	Nettoavling (FEm/daa)	Variable kostnader / pris (pr FEm)
Surfôr	-	1,43
Beite på dyrka mark	-	0,92
Kraftfôr	-	3,45
Kalvegodt	-	7,80
Myse	-	2,50

Set verdiane for nettoavling sjølv.

- b) Dekningsbidragskalkylen er eit av ledda når vi skal setje opp ein driftsplan. Ved oppsett av driftsplan for ei større endring av produksjonen på eit bruk treng du å avklare fleire forhold enn dei som kjem med i denne dekningsbidragskalkylen. Kva for tilleggsopplysningar trur du at du treng når du skal utarbeide ein fullstendig driftsplan for garden?
- c) Kva for økonomiske og andre risikofaktorar har du når du skal foreta ei stor investering som driftsbygning på denne garden? Beskriv kort ulike tiltak som kan gjerast for å minimere denne risikoen.

## Bokmål

### Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Vedlegg</b>	Ingen vedlegg
<b>Informasjon om vurderingen</b>	<p>Når du løser oppgavene må du beskrive de valgene du tar og gi en begrunnelse.</p> <p>Du viser din kompetanse i faget ut fra kompetansemålene i læreplanen ved å:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Presentere og bruke fagstoff, og begrunne dine synspunkter og forslag til løsning på oppgaven</li><li>• Trekke inn ulike synspunkter og løsninger som er relevante for oppgavens problemstillinger</li><li>• Gjøre rede for resultatet/konsekvensene av dine faglige valg</li><li>• Mestres relevante grunnleggende ferdigheter</li><li>• Bruke eksempler der dette er relevant</li><li>• Bruke fagterminologi, hjelpemidler og vedlegg på en hensiktsmessig og etterrettelig måte</li></ul>
<b>Andre opplysninger</b>	Oppgavesettet har <u>tre</u> oppgaver som alle skal besvares.

## Forutsetninger:

Du eier og driver et gårdsbruk som heter Reina.

Reina har 250 dekar fulldyrka jord. Det er for det meste sandjord med høyt innhold av mold, det er noe stein.

Våningshuset er i god stand. Det står et ganske nytt redskapshus på 250 kvadratmeter på gården.

Du driver melke- og kjøttproduksjon i et gammelt båsfjøs med plansilo. Det er plass til 25 melkekyr med fullt påsett av kviger. Du har plass nok til påsett av alle okser. Melkekvoten er 200 tonn.

Du har nå kr 2.500.000 i langsiktig gjeld.

Du har en 2014-modell traktor med 135 hestekrefter, og en gammel traktor på 50 hestekrefter. Nødvendig maskinpark er ellers i god stand bortsett fra høsteutstyret for silolegging, som er gammelt og i dårlig stand.

Øvrige opplysninger du trenger, og hvor denne gården ligger i Norge, må du i oppgavene forutsette selv.

## Oppgave 1 Omsetning av landbruksprodukter

Du skal lage foredrag til et faglagsmøte om samvirke og markedsregulering i landbruket. Forutsett hvor i landet gården din befinner seg.

- a) Beskriv ulike grupper (typer) av samvirkeorganisasjoner i norsk landbruk. Nevn i tillegg eksempel på noen ulike organisasjoner fra hver gruppe og hva de gjør.
- b) I området der du har gården er det mulig å levere kjøtt og melk til private meieri og slakteri, og i tillegg til samvirkeorganisasjoner. Diskuter fordeler og ulemper for deg som bonde ved medlemskap i og leveranse til samvirkeorganisasjonene, i forhold til leveranse til andre typer meieri og slakteri.

## Oppgave 2 Mekaniseringskostnader

Du skal kjøpe deg nytt høsteutstyr for grovfôret.

- a) Velg hvilken type høsteutstyr du vil anskaffe og begrunn kort dette valget. Anslå i tillegg anskaffelsespris for dette utstyret.
- b) Du kjøper utstyret fra oppgave a). Regn ut årlige kostnader ut fra anskaffelseskostnad, vedlikeholdskostnader, rente, varighet på utstyret og restverdi. (Årlige driftskostnader holdes utenom her)

### Oppgave 3 Dekningsbidrag og driftsplan

Du planlegger å bygge ny driftsbygning på gården.

- a) Sett opp et dekningsbidrag for melkeproduksjonen på gården ved hjelp av gitte forutsetninger - og valg av egne forutsetninger der du finner det nødvendig. Valg av egne forutsetninger skal begrunnes så langt som mulig.


Disse opplysningene er gitt:

- Kjøttprisen er kr 43,- pr kg i snitt.
- Melkepris kan settes til kr 5,10
- Livkalvverdi er kr 3000 pr stk.
- Ytelsen er 7800 liter pr årsku
- Fôrbehovet inkludert rekrutering er på denne gården 6800 FEm  
Velg mellom følgende typer fôr:

Type fôr	Nettoavling (FEm/daa)	Variable kostnader / pris (pr FEm)
Surfôr	-	1,43
Beite på dyrka mark	-	0,92
Kraftfôr	-	3,45
Kalvegodt	-	7,80
Myse	-	2,50

Sett selv verdiene for nettoavling.

- b) Dekningsbidragskalkylen er et av leddene når vi skal sette opp en driftsplan. Ved oppsett av driftsplan for en større endring av produksjonen på et bruk trenger du å avklare flere forhold enn de som kommer med i denne dekningsbidragskalkylen. Hvilke tilleggsopplysninger antar du at du har behov for når du skal utarbeide en fullstendig driftsplan for gården?
- c) Hvilke økonomiske og andre risikofaktorer har du når du skal foreta en stor investering som driftsbygning på denne gården? Beskriv kort ulike tiltak som kan gjøres for å minimere denne risikoen.



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)